

## **Notat – Synfraing på Vona for å planlegge uttak av gran**

Onsdag 16.01.13 på Vonagarden i Naustdal.

Til stades:

Henning Malones – Naustdal kommune, Odd Vonen – grunneigar, Rune Holen – SNO,  
Alf Erik Røyrvik – verneområdeforvaltar.

---

### **Bakgrunn**

I Vonaområdet står det ein del gran. Der står både planta granfelt og mindre førekjemstar, og det førekjem både innanfor landskapsvernombordet og i randsona. Frå verneområdeforvaltinga si side er det ynskjeleg å få fjerna grana som står inne i verneområdet. Det er og ynskjeleg å fjerne noko av den grana som står utanfor for å hindre spreiling inn i verneområdet.

Verneområdeforvaltinga har kr 100.000,- i midlar frå bestillingsdialogen 2012 som er øyremerka til uttak av gran.

### **Synfaringa:**

Vi gjekk over isen og inn til Vonagarden for å sjå på førekemstane av gran som står rundt Vonagarden og hytta innanfor. Vonagarden og grana som står rundt den ligg utanfor verneområdet, men hytta og grana rundt den ligg innanfor. Grensa går i elva mellom Vonagarden og hytta. Det meste av grana er vanleg norsk gran, men rundt Vonagarden står det og noko sitkagran. Der står ikkje sitka inne i verneområdet (?). Det er ulik alder på grana. Det meste er yngre skog i hogstklasse II og III, men der står og noko skog som er meir eller mindre hogstmogen (hogstklasse IV).

Første prioritet er å få tatt ut den hogstmogene skogen, den som har starta å formeire seg med frøspreiling. Blant denne bør eit felt aust for hytta ha høg prioritet. I tillegg enkelte store tre mellom hytta og Vonagarden, og eit felt med hogstmogen skog aust for tunet på Vonagarden. Det er kome inn ynskje frå hytteeigar å få fjerna so mykje som mogeleg av skogen rundt hytta.

### **Dette kom vi fram til:**

- Verneområdeforvaltinga vil sette av 80.000 av midlane til fjerning av gran rundt hytta og Vonagarden. (ver obs på at denne summen er inkl. mva)
- Dei resterande 20.000 vert sett av til fjerning av gran på og rundt Svostølen og Bergstølen.
- Forvaltinga vil yte støtte til arbeidet på kr 300 per m<sup>3</sup> grantømmer som vert teke ut.
- Ved hogst/fjerning av skog som ikkje er drivverdig og ikkje er lønsam å frakte ut, vil arbeidet bli godtgjort med kr 350,- per time (eks mva).
- Trevyrke og hogstavfall som ikkje vert teke ut, bør enten leggast saman i dungar slik at det kan brennast, eller delast opp slik at det rotnar og vert brote ned so raskt som muleg. Ein kan og bruke det til ved på hytter og stølar.
- Det kan berre betalast ut til næringsdrivande (med organisasjonsnummer).
- Det kan hende at SNO-lokal og verneområdeforvaltar tek seg ei runde i området, enten på snøføre eller på barmark til sommaren, og høgg ned enkelttre og små førekemstar av gran lenger innover i verneområdet (Vonastølen, Gotdalen etc)

**Framdrift:**

Odd Vonen snakkar med den andre grunneigaren på Vonagarden, Ole Kristian Vonen. Deretter vil Odd forhøyre seg om han får med seg noko på hogsten. Dersom OV får med seg nokon vil han sette i gong so snart som han har mulegheit til for å utnytte dei fine forholda. Dette er særleg viktig for det vyrket som skal takast ut og leverast. Det som berre skal hoggast ned og ikkje transporterast ut hastar det ikkje so mykje med.

Alf Erik Røyrvik snakkar med Olav Svoen og dei andre grunneigarane på Svostølen og Bergstølen, og finn ei ordning for uttak av grana der. AER vil og snakke med Sogn og Fjordane Skogeigarlag angåande kva sortiment som er aktuelt å levele og prisar på desse.